



Glad feriegjeng på Sanden: Andreas Holen, Randi Sivertsvoll, Ella, Hanne og Eirik Holen og Linnea frå Bømlo.

- Eg har nok opplevd 45 minusgrader heime på Tynset og her er det no 30 pluss, seier Randi Sivertsvoll, oppinneleg frå Tynset men no busett i Gausdal. Saman med mannen Andreas Holen og borna Ella (7), Hanne (4) og Eirik (1) nyt ho no sumaren på Sanden i Uskedalen. No bur dei i Austre Gausdal eitpar mil nord for Lillehammer og der er det ikkje fullt så kaldt som i dei nordligste delane av innlandsfylka.

Dei to er samde om at Uskedalen er ein framifrå feriestad. - Her kan ein jo slippe seg rett ut i fjorden, Det einaste vi har å innvenda er at det bude vore fleire krabbar å fiska for borna, seier innlandsbuarane.

Dei har feriert på denne staden i mange år, som dei har sterke familieband til. Torfinn Myklebust var onkelen til Randi. som no jobbar som fysioterapeut i Lillehammer kommune. Andreas er forstmann og ansatt i Mjøsen Skogeierforening der han har ansvar for kvalitet og miljø.

Også den eldre generasjon Sivertsvoll kjem ofte til Uskedalen for å feriera og dei er venta hit att i august. Dei bur på Tynset. Idag har også vener frå Svortland på Bømlø vore inno Sanden for å nyta sumaren her og også dei er imponerte over badetilbodet her i bygda.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen